

# **OPPLÆRINGSPLAN FOR ULVIK HERAD**

## **2024 - 2028**

**KOMMUNAL BEREDSKAPSPLIKT – KVA INNEBER DET?**

**RELEVANTE LOVER OG FORSKRIFTER**

**KRAV OG FORVENTNING TIL KOMMUNALT  
BEREDSKAPSARBEID**

**BEREDSKAPSPrINSIPP**

**ORGANISERING AV BEREDSKAPSARBEIDET I ULVIK HERAD**

**ROLLER OG ANSVAR I BEREDSKAPSARBEIDET**




**Vedteke i Ulvik heradsstyre**

**Sak 012/24, 14.02.2024**

**Sist oppdatert 17.01.2024**

## KART OVER ULVIK HERAD



## Innhold

1. OM ARBEIDET MED SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I ULVIK HERAD .....	4
1.1. Mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap .....	4
1.2. Definisjonar og forkortingar.....	5
1.3. Formålet med overordna beredskapsplan for Ulvik herad.....	6
2. KVA SKAL ULVIK HERAD KUNNA HANDTERA? .....	6
2.1. Kva kan skje? Vurdering av risiko og sårbarheit.....	6
2.2 Kva krav stiller lovverket til beredskap i Ulvik herad?.....	9
2.3. Korleis innfri krava? Beredskapsanalyse og dimensjonerande hendingar .....	11
3. KRISEFULLMAKT .....	14
4. ORGANISERING AV ARBEIDET MED SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I ULVIK HERAD.....	15
4.1. Prinsipp: Dei nasjonale beredskapsprinsippa.....	15
4.2. Praksis: Organisering av beredskapsarbeidet i Ulvik herad .....	16
5. PLAN FOR ORGANISERING AV KOMMUNAL KRISELEIING – KKL.....	19
5.1. Kva oppgåver har KKL ansvar for? .....	19
5.2. Organisering av KKL – roller og ansvarsfordeling .....	19
5.3 Kompetansepåfyll – Opplæring og Årshjul for KKL .....	22
5.4 Støttestab til KKL.....	22
5.5 Krav til dei som har ei rolle i krisehandteringsorganisasjonen.....	23
5.6 Tekniske ressursar, lokale og andre hjelphemiddel .....	23
5.7 Samarbeid med nabokommunar.....	24
6. SLIK HANDTERER ME UØNSKTE HENDINGAR OG KRISER.....	25
6.1. Prinsipp, prioriteringar og metode .....	25
6.2. Varsling og mobilisering.....	26
6.3. Gjennomføring av førstemøte og statusmøte – proaktiv metode .....	27
6.4. Rollebasert arbeid mellom møta .....	27
6.5. Normalisering etter at hendinga er over .....	28
7. BEREDSKAPSPLANVERK FOR ULVIK HERAD .....	28
7.1. Overordna beredskapsplan – administrativ del .....	30
7.2. Operative beredskapsplanar - Med tiltakskort .....	30
7.3. Kommunen som lokal fagmyndighet og og verksemد: .....	31
7.4. temaspesifikke beredskapsplanar .....	31
8. LÆRING OG SYSTEMATISK FORBETRING.....	32
8.1. Opplæring.....	32
8.2. Øvingar.....	33
8.3. Evaluering .....	33
8.4. Oppdatering/revisjon.....	34

# 1. OM ARBEIDET MED SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I ULVIK HERAD

Kommunen sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap er lovpålagt. Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) slår fast at kommunen skal utarbeida:

- heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) (§ 14)
- beredskapsplan med utgangspunkt i ROS-analysen (§ 15)

Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt utdjupar dette og pålegg kommunane ei generell beredskapsplikt som er sektorovergripande.

Kommunane utgjer fundamentet i den nasjonale beredskapen. Det som skjer i Noreg, skjer i ein eller annan kommune – eller berører/rammar kommunane. Ulvik herad har ansvar for å ivareta folk sitt behov for sikkerheit og tryggleik og oppretthalda viktige kommunale samfunnsfunksjonar.

Dei fleste tiltaka for å verna folk og samfunn må og bør setjast i verk lokalt. Dei kommunale organa har lokalkunnskap, står nærmest innbyggjarane sine, og er stort sett alt i nærleiken av hendinga med sine ressursar – folk, utstyr, bygningar, anlegg.

Det viktigaste ved ei uønskte hending og i ein krisesituasjon er alltid å ivareta liv og helse. Innan alt beredskapsarbeid skal vi difor prioritera menneske før miljø og materielle verdiar.

Overordna beredskapsplan i Ulvik herad er skriven av beredskapskontakt Anette T. Hjeltnes.

Fylgjande personar og grupper har vore involert i arbeidet med å utforma overordna beredskapsplan for Ulvik herad:

1. Intern arbeidsgruppe med beståande av: Anne Hjelmevold (oppvekst), Unni Solem (kommuneoverlege), Per-Are Halstensgård (IKT-ansvarleg) og Vera Iversen
2. Leiargruppa: Thore Hopperstad (kommunedirektør), Rigmor Hansen (Einingsleiar skule), Solgunn W Bjørke/Sonja Haugland (Einingsleiar barnehage), Vera Iversen (Leiar Plan, teknikk og eigedom) og Åshild Sønsteby (Leiar for Helse og omsorg)
3. KKL: Thore Hopperstad (kommunedirektør), Vera Iversen (Leiar Plan, teknikk og eigedom), Åshild Sønsteby (Leiar for Helse og omsorg), Hans Petter Thorbjørnsen (Ordførar) og Claudia Saathof (Sekretær KKL)

## 1.1. Mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap

Vårt overordna mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er at

**Ulvik herad skal vera ein trygg kommune  
å bu, arbeida og opphalda seg i.**

For å skapa trygge rammer for folk – innbyggjarar og besökande – skal me gjera følgjande:

### 1) AVDEKKA RISIKO OG SÅRBARHEIT:

- Me skal ha ein oppdatert overordna ROS-analyse som til ei kvar tid gjev oss oversyn over risikofaktorane i Ulvik herad.

## 2) UNNGÅ RISIKO OG SÅRBARHEIT der det er mogleg:

- Samfunnstryggleik og beredskap (STB) skal prega det daglege arbeidet i Ulvik herad på ein slik måte at me både i planarbeid og drift tek omsyn til samfunnstryggleiksmessige utfordringar i lokalsamfunnet.
- STB-arbeidet skal organiserast slik at det er tufta på:
  - god lokalkunnskap
  - samordna ressursar
  - godt tilgjenge
  - sterke fagmiljø
- Me skal forankra arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap politisk.

## 3) REDUSERA RISIKO OG SÅRBARHEIT:

- Me skal satsa på førebygging og setja i verk risikoreduserande tiltak
  - for å hindra og minska konsekvensane av flaum, ras og overvatn
  - for å unngå tap og skadar som følgje av forventa klimaendringar
  - for å levera godt og trygt drikkevatn og ha ei sikker vassforsyning
  - for å ha sikker straumforsyning og stabile breiband-, fiber- og mobilnett
  - for trygg trafikk, særleg for mjuke trafikantar

Ulvik herad skal vera ein samordnar og pådrivar overfor andre samfunnsaktørar på dette området.

## 4) HANDTERA RESTRISIKO:

- Me skal ha ein oppdatert beredskapsplan som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.
- Me skal handtera uønskte hendingar og kriser på ein slik måte at me minskar omfang og konsekvensar.
- Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vera erfarings- og kunnskapsbasert.
- Me skal sikra tilstrekkeleg kompetanse på alle nivå i kriseberedskapen gjennom naudvendig opplæring og informasjon, oppdatert planverk og regelmessige øvingar.

Desse måla er forankra i beredskapslloverket og nasjonale føringer for planarbeid i kommunane.

### 1.2. Definisjonar og forkortingar

Definisjonane henta frå Sivilbeskyttelsesloven, «Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt» (DSB 2012) og «Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen» (DSB 2014).

**Uønskte hendingar:** Hendingar som avvik frå det normale, og som har medført eller kan medføra tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

**Krise:** Ei hending som har potensial til å trua viktige verdiar og svekka ein organisasjon si evne til å utføra viktige funksjonar.

**Kritiske samfunnfunksjonar:** Opgåver som samfunnet må oppretthalda for å ivareta sikkerheit og tryggleik for befolkninga og dekka dei grunnleggande behova deira. Det kan f.eks. vera mat, drikke, varme og helsetenester.

**Sårbarheit:** Eit uttrykk for kva evne eit system har til å stå imot ei hending, til å tola ei hending dersom ho oppstår, og til å gå tilbake til normal drift etter ei uønskt hending. System kan vera både tekniske delsystem som infrastruktur, og større organisatoriske system som

ein kommune.

**Risiko:** Ei vurdering av om ei hending kan skje, kva konsekvensane vil bli og usikkerheit knytt til dette.

**Samfunnstryggleik:** Den evna samfunnet har til å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar og ivareta liv, helse og grunnleggjande behov hjå innbyggjarane under ulike former for påkjenningar, frå avgrensa hendingar til nasjonale sikkerhetsutfordringar.

**Beredskap:** Planlegging og førebuing av tiltak for å avgrensa eller handtera kriser eller andre uønskte hendingar på best mogleg måte.

**Tiltakskort:** Me nyttar omgrepet tiltakskort for lister med oversikt over handlingar og **tiltak** som beredskapsorganisasjonen skal vurdera å gjennomföra når dei handterer ei uønskt hending. Det erstattar omgrep som tiltakskort og aksjonskort.

**Rolleskildring:** Me nyttar omgrepet rolleskildring for lister med oversikt over ansvar, fullmakter og arbeidsoppgåver m.m. for dei ulike rollane i beredskapsorganisasjonen. Det erstattar omgrepet funksjonskort.

**Kommunal kriseleiing:** Den overordna krise-/beredskapsleiinga i Ulvik herad.

**Lokal beredskapsleiing:** Beredskapsleiinga på kvar enkelt eining/tenestested.

Forkortinger:

**DSB** = Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

**KKL** = kommunal kriseleiing

**STB** = samfunnstryggleik og beredskap

**RAYVN** = digitalt krisestøtteverktøy på vegner av DSB, som alle kommunar skal bruka

**EPS** = evakuerte- og pårørandesenter

### 1.3. Formålet med overordna beredskapsplan for Ulvik herad

Den overordna beredskapsplanen for Ulvik herad skal sikra at me er budde på å handtera uønskte hendingar og krisesituasjonar raskt og effektivt, og slik kan minska omfang og konsekvensar.

Planen skal sikra klare strukturar og ansvarsforhold i beredskapsarbeidet, og sørga for felles forståing av kva som må gjerast og korleis. Overordna beredskapsplan inkl. Tiltakskort skal sikra at alle som har ei rolle i handteringa av beredskaps- og krisesituasjonar, er kjende med ansvaret, oppgåvene og fullmaktene dei har.

Tiltakskort gjeld rollebeskrivingar, generelle tiltak og hendingsspesifikke tiltak. Dei skal vera å finna digitalt i krisestøtteverktøyet DSB-RAYVN og i papirform i kommunen sine beredskapspermar.

## 2. KVA SKAL ULVIK HERAD KUNNA HANDTERA?

### 2.1. Kva kan skje? Vurdering av risiko og sårbarheit

Overordna beredskapsplan for Ulvik herad byggjer på heilsakleg risiko- og sårbarheitsanalysane, ROS for Ulvik herad. Den er laga etter DSB sin rettleiar for

heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen.

### 2.1.1 Samfunnsverdiar og kritiske samfunnsfunksjonar

Kva vil det seia å ivareta sikkerheit og tryggleik for befolkninga? DSB har vald å dela dette inn i fire samfunnsverdiar som kommunane skal beskytta:

1. **liv og helse** – mot konsekvensar som dødsfall, skadar og sjukdom
2. **stabilitet i samfunnet** – mot konsekvensar som manglande dekning av grunnleggjande behov, og forstyrringar i dagleglivet
3. **natur og miljø** – mot konsekvensar som langtidsskadar på naturmiljø og kulturmiljø/kulturminne
4. **materielle verdiar** – mot konsekvensar som økonomiske tap

DSB har òg laga ei liste over 11 samfunnsfunksjonar som dei reknar som kritiske, og som er relevante for ein kommune:

1. forsyning av mat og medisinar
2. ivaretaking av behov for husly og varme
3. energiforsyning
4. forsyning av drivstoff
5. tilgang til elektronisk kommunikasjon
6. vassforsyning og avløpshandtering
7. framkommelegheit for personar og gods
8. oppfølging av særleg sårbare grupper – f.eks. barn, menneske med nedsett funksjonsevne, framandspråklege, personar utan særleg nettverk, tilreisande
9. naudvendige helse- og omsorgstenester
10. naud- og redningsteneste
11. kommunal kriseleiing og krisehandtering

Dei fleste av dei potensielle uønskte hendingane som kan skje i Ulvik herad berører fleire av dei kritiske samfunnsfunksjonane våre. Det stiller krav til kommunen om både førebygging, oppfølging og krisehandtering. Det krev innsats av både naud- og redningsteneste og communal kriseleiing.

### 2.1.2 KommuneROS Ulvik herad

I overordna ROS er det identifisert til saman 46 potensielle uønskte hendingar som kan ramma samfunnet vårt. Grovt sett kan me seia at alt kan skje i Ulvik herad.

Den samla ROS-oversikta for Ulvik herad omfattar naturhendingar delt i kategoriane ekstremvêr, flaum, ras/skred, jordskjelv, og biologisk forureining.

Naturhendingane får ofte følgjer, og nokre slike følgjehendingar pluss andre sjølvstendige hendingar har me samla i hovudkategorien svikt i kritisk infrastruktur og andre avgjerande faktorar for drifta.

Neste hovudkategori er store ulukker. Den omfattar uønskte hendingar delt i kategoriane større trafikk-/samferdsleulukke, storbrann, akutt forureining, atomulukker/radioaktiv stråling og andre ulukker.

Den fjerde og siste hovudkategorien uønskte hendingar er såkalla tilsikta hendingar, det vil seia hendingar som er resultat av viljestyrte eller impulsstyrte handlingar. Den omfattar hendingar i underkategoriane terrorangrep/sabotasje, pågåande livstruande vald,

datakriminalitet, miljøkriminalitet og andre tilsikta hendingar.

Hendingar identifisert i ROS-analyse	Nr. i ROS	Kategori høg risiko	Kategori medium risiko	Kategori lav risiko
Ulykke i høgfjellet	12	x		
Ras	6	x		
Sensitive opplysingar tilgjengeleg	4	x		
Beredskap Finse	46	x		
Ekstremvær	45	x		
Togulykke	21	x		
Vold og drapstruslar mot tilsette	42	x		
Mangel på legemiddel og smittevernustyr	38	x		
Pandemi	27	x		
Bølgje av sjølvmord	37	x		
Sakna personar - skog/fjell	15	x		
Overgrep mot born	13	x		
Terror/trusselsituasjon	24	x		
Livstruande Vold - Skule/barnehage	14		x	
Industriulykke	44		x	
Beredskap til å handtera større hendingar	19		x	
Bortfall av kritisk elektronisk kommunikasjon	20		x	
Atomhendingar/radioaktivt nedfall	41		x	
Dødsfall skule/barnehage	40		x	
Avløpssystem - skadd/fungerer ikkje	39		x	
Vassforsyning fungerer ikkje	34		x	
Vegsamband stengt ein lang periode	32		x	
Båtforlis	10		x	
Sjukefråvær-kan ikkje å levera komm. teneste	30		x	
Drap	26		x	
Brann i tunnel	22		x	
Brann i bygg med mange menneske	28		x	
Uro i finansmarknaden	3		x	
IT-systemet bryt saman	2		x	
Stor trafikkulykke	17		x	
Flystyrт	25		x	
Kulturforskellar - konfliktar	43		x	
E.Coli	35		x	
Korrupsjon	29		x	
Negativ omtale	5		x	
Skogbrann	8			x
Stor trøng for innkvartering	11			x
Evakuering	16			x
Mangel på tilfluktsrom	36			x
Farleg-gods-ulykke	33			x
Straumstans	9			x
Akutt forureining	1			x
Lang kuldeperiode	18			x

### 2.1.3 Risiko og sårbarheit varierer med lokale tilhøve innanfor kommunen

Ulvik herad ligg inst i Hardangerfjorden, og har fjellområdene nordaustover til Hardangerjøkulen, Finse og vestre del av Hallingskarvet. Landarealet er 747 km2.

Kommunen grensar til Eidfjord i sør, Ullensvang i sørvest, Granvin i vest, Voss i nordvest, Aurland kommune i nordaust og Hol kommune i Viken fylke i aust.

Hovudvegsambandet til Ulvik er Fv. 572 som knyt Ulvik tettstad med Fv. 7./Rv. 13 i Holven i Granvin, og som fortset sørover fra tettstaden til Hardangerbrua. Både Fv. 7. og

Rv. 13 går gjennom Vallaviktunnelen i den sørvestligste delen av kommunen. Frå Ulvik tettstad er det forbindelse austover til Osa (Fv. 300).

I fjellet i nordaust går Bergensbanen på ein del av høgfjellsstrekninga gjennom kommunen (Finse og Hallingskeid stasjoner).

Storparten av busetjinga er konsentrert til terrasseområda rundt dei inste delane av Ulvikfjorden med tettstaden og administrasjonssenteret Ulvik på Brakanes og rundt botnen av Osafjorden. I tillegg er det Vangsbygdi med busetjinga på Hallanger, Nesheim og Vallavik.

Ulvik er ein kommune som omfattar eit geografisk område med fjord og båttrafikk, bilvegar/tunnel/bru som soknar til hovedfartsåra aust – vest, og det er togtrafikk på høgfjellet. Ulvik herad har områder som er ras- og skredutsatt. Det er ingen gjennomgangstrafikk i Ulvik, men noko kollektivtransport og tungtransport. Tilkomst til Finse må skje via Voss og jernbana, eventuelt over fjellet til fots, på ski eller scooter. Det er landbruk og reiseliv som er hovednæringane i Ulvik, cruisenæringa har vorte redusert dei siste åra, og det er færre cruiseskip som vitjar Ulvik.

Ulvik er ein kraftkommune og har dammar og leidningsnett i kommunen.

Heilskapleg ROS for Ulvik er utarbeidd på bakgrunn av opplysingar i **«Kunnskapsgrunnlag for samfunnsdelen av kommuneplanen, Tema: Beredskap»**.

## **2.2 Kva krav stiller lovverket til beredskap i Ulvik herad?**

### **2.2.1 Sivilbeskyttelseslova og forskrifta**

Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) og forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt stiller krav til kommunane om generell og sektorovergripande beredskap.

Me skal驱a eit systematisk og heilskapleg samfunnstryggleiksarbeid på tvers av sektorar i kommunen for å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikta omfattar kommunen som myndighet innanfor sitt geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar. Me skal ha langsiktige mål, strategiar og prioriteringar – på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen – og plan for oppfølging (lov § 14, forskrift §§ 1+3).

Me skal ha ein heilskapleg ROS-analyse som blir behandla politisk og blir oppdatert minimum kvart 4. år. Den skal gje oversikt over risikofaktorar både i og utanfor kommunen, risikofaktorar med gjensidig påverknad, særlege utfordringar for samfunnsfunksjonar og infrastruktur, evne til å oppretthalda verksemd i krise og gjenoppta normal verksemd, og behov for befolkningsvarsling og evakuering (Lov § 14, forskrift §§ 6+2).

Me skal ha ein overordna beredskapsplan som er tilpassa utfordringane i kommunen, ressursoversikta, vedlegg 1 blir oppdatert årleg. Overordna beredskapsplan skal samordna og integrera dei andre beredskapsplanane i kommunen, og vera samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar (Lov § 15, forskrift § 4).

**Overordna beredskapsplan skal som eit minimum innehalda:**

- Oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtera uønskte hendingar
- Plan for kriseleiing og kriseorganisering
- Varslingslister
- Ressursoversikt – både eigne og andre sine, og naudvendige avtalar om hjelp under kriser
- Evakueringsplan
- Plan for krisekommunikasjon med innbyggjarar, media og eigne tilsette

Lov og forskrift stiller òg krav til systematikk, opplæring og øvingar – minimum annankvarå – og til evaluering av hendingar (lov § 15, forskrift §§ 7-8).

Samfunnstryggleikarbeidet skal integrerast i kommunen sitt heilskaplege plan- og styringssystem, som er regulert av plan og bygningsloven, frå kommunal planstrategi via kommuneplan – samfunnsdel og arealdel – til detaljplannivå. Det skal vera integrert i den daglege kommunale verksemda og omtalast i årsmelding og årsrekneskap (lov § 14, forskriftera §§ 3+9, Kommunelova kap. 8)

## **2.2.2 Andre krav til kommunal beredskap i anna lovverk**

### Kommunal planlegging:

Det er uttrykt klare forventningar om at all planlegging etter plan og bygningsloven (PBL) skal fremja samfunnstryggleik ved å førebygga risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv. (PBL § 3-1h + sivilbeskyttelsesloven og forskrifta)

### Helseberedskap:

Kommunen skal ivareta befolkninga, og bidra med omsorg og beskyttelse i akuttfasar. Kommunane er pålagde å utarbeida ein beredskapsplan for helse- og sosialtenestene som kommunen er ansvarleg for. Kommunen har plikt til å ha ein førebudd beredskap for helse- og sosialtenestene sine og til å yta psykososial oppfølging ved kriser, ulukker og katastrofar (helseberedskapsloven og forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid).

### Smittevern:

Fleire lover og forskrifter stiller krav til smittevernberedskap i kommunane, t.d. Smittevernloven, Forskrift om allmennfarlige smittsomme sykdommer, Forskrift om tuberkulosekontroll, Helse- og omsorgstjenesteloven, MSIS-forskriften (meldingssystem for smittsame sjukdommar) og Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram.

### Trygge skulemiljø:

Lovverket slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det blir stilt krav om at skulen skal arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Vidare at skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til m.a. tryggleik og helse (opplæringslova kap. 9A). Andre relevante lovverk er: Folkehelseloven, forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage, rundskriv om beredskap mot alvorlege tilskikta hendingar i skular og barnehagar.

### Forureining:

Kommunane har **beredskapsplikt** til å sørga for naudvendig beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining som ikkje blir dekka av lovpålagt privat beredskap, **aksjonsplikt** sjølv om

situasjonen ikkje kjem inn under ramma for kommunal beredskap, og **bistandsplikt** til å stilla med personell og utstyr, også utanfor eige område. Forureiningsstyresmakta (Kystverket, Miljødirektoratet) har rett til å stilla krav til den kommunale beredskapen og påleggja kommunar samarbeid om beredskapen gjennom interkommunale utval mot akutt forureining (IUA) (forureiningslova med forskrifter).

#### Brannvern:

Brannvernlovverket stiller krav til beredskap mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff, og pålegg brannvesenet redningsoppgåver, brannførebyggande tiltak og tilsyn. Det er òg lovkrav til organisering og dimensjonering av brannvesen (brann- og eksplosjonsvernloven, «Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn», «Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen»).

#### Vassforsyning:

Kommunen som vassverkseigar har plikt til å utarbeida beredskapsplan for vassforsyninga for å sikra leveringstryggleiken til innbyggjarane også under ekstraordinære situasjoner. Planen skal byggja på ROS-analysar av vassforsyninga i kommunen. Kommunen skal sørga for reserve- og sikringstiltak for vassforsyninga og kommunale tekniske anlegg (helseberedskapsloven, folkehelseloven og drikkevannsforskriften).

#### Straumforsyning:

På dette området er krava stilt til energiselskapa. Dei må forhalda seg til kraftberedskapsforskriften og til kraftrasjoneringsforskriften, som skal sikra at kraftrasjoning blir gjennomført på ein samfunnsmessig rasjonell måte, slik at energien blir utnytta best mogleg ut frå omsynet til allmenne og private interesser.

#### Strålevern og atomberedskap:

Lovverk på området stiller krav til den nasjonale atomberedskapen, som kommunen er ein del av (strålevernloven og mandat for Kriseutvalget for atomberedskap m.m.).

### **2.3. Korleis innfri krava? Beredskapsanalyse og dimensjonerande hendingar**

Med utgangspunkt i dei uønskte hendingane i samordna ROS-oversikt for Ulvik herad er det gjennomført ein beredskapsanalyse, for å koma fram til kva hendingar som skal utgjera rammene for den beredskapen me må etablira. Ein kombinasjon av hendingar med særleg høg risiko, hendingar som gir kommunen særlege utfordringar, og lovpålagde krav legg rammene for kva beredskap Ulvik herad må ha.

Me har delt dei uønskte hendingane våre i fem dimensjonerande hendingar, som avgjer dimensjonane på beredskapen og krisehandteringsapparatet vårt. Greier me å handtera desse hendingane, skal me vera i stand til å handtera det meste av det me pr. i dag ser for oss kan skje i Ulvik herad. Dei dimensjonerande hendingane er:

1. **store ulukker** – det omfattar masseskade, storbrann og naturhendingar
2. **ekstremvêr**
3. **omfattande smitteutbrot** – som pandemi, epidemi, og sjukdom hjå husdyr og oppdrettsfisk
4. **bortfall av kritisk infrastruktur**
5. **akutt forureining inkludert radioaktiv stråling/atomulukke**

Nr.	Dimensjonerande hendingar	Kva konsekvensar kan ei slik hending få for Ulvik herad og innbyggjarane våre?
I	<b>Store ulukker</b> (f.eks. masseskade, storbrann og naturhendingar)	Ei slik hending (worst case-scenario) kan få svært store/katastrofale konsekvensar for <b>liv og helse</b> – med både mange alvorlege personskadar og fleire døde; for <b>samfunnsstabilitet</b> – med både forstyrringar i dagleglivet og manglante dekning av grunnleggjande behov; for <b>miljø</b> – med irreversible skadar på kulturmiljø, f.eks. bygningar, fornminne og kulturlandskap, og alvorlege skadar på naturmiljø; og for <b>materielle verdiar</b> – med store økonomiske tap. Slike hendingar kan medføra behov for å ta hand om skadde personar, for evakuering, innlosjering, forpleining, pårørandemottak og psykososial oppfølging, for å informera innbyggjarane, skaffa forsyningsstøtte, retta opp skadar på kommunikasjonsanlegg/andre anlegg, sikra næringsmiddel og drikkevatn, verna om kulturverdiar, rydda/reinska opp/deponera avfall for å hindra skade på miljø. Det kan bli utfordrande å oppretthalda vanleg communal drift.
II	<b>Ekstremvær</b>	Ei slik hending (worst case-scenario) kan få alvorlege konsekvensar for <b>liv og helse</b> – med mange, dels alvorlege personskadar og kanskje dødsfall; for <b>samfunnsstabilitet</b> – med både forstyrringar i dagleglivet og manglante dekning av grunnleggjande behov; svært store konsekvensar for <b>miljø</b> – med irreversible skadar på kulturmiljø, f.eks. bygningar, fornminne og kulturlandskap, og alvorlege skadar på naturmiljø; og for <b>materielle verdiar</b> – med store økonomiske tap. Ved ekstremvær er det viktig med tidleg varsling til innbyggjarane i kommunen, og til skular, barnehagar, helseinstitusjonar og andre verksemder. Det er behov for generell informasjon til innbyggjarane. Ekstremvær fører ofte til følgeskadar som svikt i infrastruktur og redusert framkommeleghet. Det kan bli naudvending med evakueringar.
III	<b>Omfattande smitteutbrot</b> (pandemi, epidemi, sjukdom hjå husdyr og oppdrettsfisk)	Ei slik hending (worst case-scenario) kan få svært store/katastrofale konsekvensar for <b>liv og helse</b> . 20-40 % av innbyggjarane kjem til å bli sjuke, og ca. 1 % av dei sjuke kan døy. Det vil også få store konsekvensar for <b>samfunnsstabilitet</b> , tenesteproduksjon og samfunnskritiske funksjonar. Ved ein pandemi vil Ulvik herad berre utgjera ein liten del av dei områda som er ramma, og det vil vera vanskelegare å få hjelp frå nabokommunar og andre instansar. Konsekvensane vil bli store også for <b>materielle verdiar</b> – med betydelege økonomiske tap som følge av auka jobbfråvær over fleire dagar. Det vil også berøra dei friske – familiær med barnehagebarn, oppfølging av andre pasientar med kronisk sjukdom, andre sektorar/tenester som skule, matbutikk, transport osv., som blir reduserte pga. mange sjuke. Det vil vera behov for informasjon til innbyggjarane om situasjonen og korleis dei skal forhalda seg for å hindra at dei blir smitta eller spreier smitte. Smitteutbrot omfattar også sjukdom hjå husdyr. Det kan m.a. føra til avstenging av område, etc. Slike hendingar vil ha omfattande konsekvensar for miljø – med langvarige konsekvensar for naturmiljø – og store/kritiske konsekvensar for <b>materielle verdiar</b> med store økonomiske tap.
IV	<b>Bortfall av kritisk infrastruktur</b> (inkludert ekom-tenester, hacking, informasjons-sikkerheit)	Ei slik hending (worst case-scenario) kan få kritiske konsekvensar for <b>liv og helse</b> , alvorlege konsekvensar for <b>samfunnsstabilitet</b> – med både store forstyrringar i dagleglivet for svært mange og manglante dekning av grunnleggjande behov, og kritiske konsekvensar for <b>materielle verdiar</b> med betydelege økonomiske tap. Konsekvensane for miljø vil vera ubetydelege. Det vil bli behov for reserveløysingar for vatn, straum og vegnett. Det er krevande å oppretthalda tenesteproduksjonen i kommunen og ivaretake sårbare grupper. Det kan bli aktuelt å evakuera menneske som ikkje får dekka sine grunnleggjande behov. Det vil også vera eit stort behov for informasjon til innbyggjarane, men tradisjonelle informasjons- og kommunikasjonskanalar vil ikkje fungera som føresett, og det vil gjer informasjonsarbeidet vanskeleg. Dei som treng hjelp, får ikkje varsle naudetatane. Det kan føra til fare for liv og helse.

<b>V</b> Akutt forureining inkl. radioaktiv stråling (atomulukke)	<p>Ei slik hending (worst case-scenario) kan få svært store/katastrofale konsekvensar for <b>liv og helse</b> – med både mange alvorlege personskadar og fleire døde; for <b>samfunnsstabilitet</b> – med både forstyrringar i daglelivet og manglende dekning av grunnleggjande behov; for <b>miljø</b> – med svært alvorlege og irreversible skadar på naturmiljø; og for <b>materielle verdiar</b> med betydelege økonomiske tap, m.a. som følgje av auka jobbfråvær over fleire dagar.</p> <p>Det vil bli behov for befolkningsvarsling, informasjon, trafikk meldingar, å evakuera folk og stengja av ramma område.</p> <p>Worst case-scenario av atomulukker og radioaktiv stråling krev at folk oppheld seg innandørs. Det skaper spesielle utfordringar for daglelivet til folk og for kommunale tenester. Handteringa av ei slik hending vil verta styrt av overordna styresmakter, både når det gjeld <i>korleis</i> og <i>når</i> me som kommune skal setja i verk ulike førehandsdefinerte tiltak. Det blir krevande å oppretthalda tenesteproduksjonen i kommunen og ivareta sårbarer grupper.</p>
--	---

### 2.3.1 Kva oppgåver skal kommunen løysa i ein beredskapssituasjon - Dimensjonerande krav og beredskapsfasar

Kva skal me vera i stand til å handtera? Kor raskt? Kva ressursar – mannskap, hjelpemiddel og naudvendige avtalar – treng me? Og kva krav stiller dette til kompetanse hjå dei som skal utføra oppgåvene?

Svara på desse spørsmåla gjev oss krava til relevante tiltak, gjennomføringstid, ressursar og kompetanse. Dei blir kalla dimensjonerande krav, og dannar grunnlaget for beredskapsplanverk og tiltakskort.

Handteringa av ei uønskt hending eller ein krisesituasjon kan delast i tre beredskapsfasar:

1. varsling og mobilisering
2. handtering og skadeavgrensing
3. demobilisering og normalisering – dvs. tilbake til normal drift etter hendinga.

Me har definert dimensjonerande krav innanfor dei tre beredskapsfasane, og i tillegg krav til opplæring.

### 2.3.2 Kommunalt ansvar og oppgåver i krisehandteringa

Ulvik herad har ansvar for å ivareta folk sitt behov for tryggleik og oppretthalda viktige kommunale samfunnsfunksjonar.

Ved fleire typar uønskte hendingar og krisesituasjonar kan hovudoppgåva for kommunen vera å halda i gang den vanlege drifta av dei kommunale tenestene som t.d. heimesjukepleie, skule, barnehage, vassforsyning, brøyting. Ved andre uønskte hendingar må det daglege arbeidet setjast til side for eit større eller mindre tal av dei kommunalt tilsette, som er involverte i krisehandteringa.

Dei aller fleste av hendingane krev informasjon frå kommunen og mange krev befolkningsvarsling i større eller mindre omfang. I svært mange høve må kommunen rekna med eit relativt omfattande informasjonsarbeid.

Ved mange typar uønskte hendingar har andre aktørar ei rolle i handteringa. Det kan vera f.eks. politiet, Kystverket eller Direktoratet for strålevern og atomsikkerheit (DSA). Og det kan vera private aktørar, f.eks. transportselskap eller bedrifter. Då har kommunen ei vesentleg

rolle som samvirkeaktør med dei andre aktørane for å løysa felles utfordringar innanfor Ulvik herad sine grenser.

I ein del tilfelle er det kommunen sjølv som vert hovudaktør og må handsama operasjonen. Det kan då vera naudvendig å få assistanse frå t.d. Sivilforsvaret eller frivillige organisasjonar. I andre høve, der det er private eller andre offentlege instansar som har hovudansvaret, kan kommunen verta beden om å hjelpe til. Deler av kommuneorganisasjonen er del av naudetataane og vil truleg vera del av operativt team.

Kommunen har eit særleg ansvar for å følgja opp sårbare grupper, f.eks. barn, menneske med nedsett funksjonsevne, framandspråklege, personar utan særleg nettverk, tilreisande. Dette ansvaret blir sett på prøve ved dei fleste av våre potensielle uønskte hendingar. Me kan måtta ta hand om skadde personar og yta omsorg for personar som har vore utsette for store påkjennningar.

Ved ein del hendingar vil det vera behov for evakuering. Det er **politiet** som bestemmer både at folk skal evakuerast og at evakueringa er oppheva. Ulvik herad har ansvar for å oppretta mottak for evakuerte og syta for at dei blir ivaretatt med mat, drikke, helsehjelp og medisinar, varme, klede, overnatting, psykososial oppfølging. Dersom politiet ber om det, skal kommunen også hjelpe til med sjølve evakueringa, f.eks. organisera transport.

Det kan vera behov for å skaffa innkvartering, mat og anna forsyningsstøtte til redningsmannskap. Kommunen kan få ansvar for å retta opp skadar på kommunikasjonsanlegg og andre anlegg, rydda/reinska opp/deponera avfall for å hindra skade på miljø, og vern om kulturverdiar. Ei anna viktig oppgåve er å sikra næringsmiddel og drikkevatn.

Kommunen har ansvar for å rapportera til overordna styresmakter som Statsforvaltaren i Vestland.

Så snart situasjonen tillet det, skal dei delane av kommuneorganisasjonen som har vore involverte i krisehandteringen, gå tilbake til normal drift. Ein viktig del av normaliseringa er ansvaret for å sikra at personar som har behov for vidare oppfølging av det kommunale eller eksterne hjelpeapparatet, får det. Evaluering og oppdatering av planverk og rutinar høyrer òg med til oppgåvene.

### 3. KRISEFULLMAKT

For at kommunen skal kunna løysa desse oppgåvene raskt og effektivt, treng kriseleiinga fullmakt frå kommunestyret. Ulvik heradstyre gjev kommunedirektør/kommunedirektøren, som leiar i kommunal kriseleiing (KKL), dei fullmakter som trengst for å setja i verk naudvendige tiltak for å hindra eller avgrensa skade i ein krisesituasjon eller når ei krise truar. Fullmakta er heimla i kommuneloven § 13. Ho kan berre nyttast av kommunedirektør/kommunedirektøren eller den som fungerer i hans stad. Krisefullmakta omfattar fullmakt til å:

- setja i verk overordna beredskapsplan eller deler av han ved ei uønskt hending eller krise
- bestemma når ei hending eller ein situasjon er så alvorleg, og påverkar kommunen på ein slik måte, at KKL og beredskapsorganisasjonen må mobiliserast for å handtera hendinga/situasjonen
- gjera økonomiske disposisjonar for inntil **kr. 2.000.000** for å hindra eller avgrensa skade ved uønskte hendingar/kriser

- mobilisera og bruka alle ressursar i, eller som er tilgjengelege for kommunen, uavhengig av kvar dei høyrer til eller er plasserte organisatorisk i den daglege driftsorganisasjonen
- bestemma når det er forsvarleg og mogleg å overføra handtering og vidare oppfølging av beredskapssituasjonen til den daglege driftsorganisasjonen, og demobilisera beredskapsorganisasjon og kriseleiing

Kommunedirektør/kommunedirektøren har også fått fullmakt til å oppdatere overordna beredskapsplan. Endringar i krisefullmakta eller andre prinsipielle endringar skal godkjennast av kommunestyret.

## 4. ORGANISERING AV ARBEIDET MED SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP I ULVIK HERAD

### **4.1. Prinsipp: Dei nasjonale beredskapsprinsippa**

Organiseringa av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Ulvik herad skal byggja på dei fire nasjonale beredskapsprinsippa om ansvar, likskap, nærliek og samvirke. Kva inneber det for Ulvik herad?

#### **Ansvarsprinsippet**

Den organisasjonen som har ansvar for eit fagområde/tenesteområde i ein normalsituasjon, har også ansvaret for naudvendige beredskapsførebuingar og for å handtera ekstraordinære hendingar på området.

Det inneber at dei ulike einingane og tenestestadane i Ulvik herad også har ansvar for førebyggande STB-arbeid for å utarbeida naudvendige beredskapsplanar og handtera uønskte hendingar på sitt område.

#### **Likskapsprinsippet**

Organiseringa av kriseberedskapen skal vera mest mogleg lik den organiseringa me har til dagleg.

Det inneber at den politiske og administrative topplieinga i Ulvik herad har ansvar for den kommunale kriseleiinga, medan einingar og tenestestadar – f.eks. ein institusjon – skal ha sine eigne lokale beredskapsleiingar.

Sjølv om me ved ei krise i størst mogleg grad skal følgja same struktur og same ordelinjer som til dagleg, kan alle kommunalt tilsette i ein krisesituasjon få heilt andre oppgåver enn dei har til vanleg.

#### **Nærleiksprinsippet**

Uønskete hendingar og kriser skal handterast på lågast mogleg nivå i organisasjonen.

Det inneber at ved hendingar som rammar *ei* eining eller *ein* tenestestad – f.eks. ein sjukeheim eller ein symjehall – må den lokale beredskapsleiinga på eininga eller tenestestaden tre i kraft og handtera hendinga, så sant det er mogleg. Det omfattar m.a. å varsle naudetatane og KKL ved behov. KKL handterer alle hendingar som rammar eller

påverkar Ulvik herad og er øvste ansvarlege beredskapsorgan i kommunen.

## **Samvirkeprinsippet**

Myndigheter, verksemder og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikra best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Det inneber at Ulvik herad har ansvar for å leggja til rette for eit heilskapleg og samordna beredskapsarbeid, og samvirka med relevante interne og eksterne aktørar, når det oppstår uønskte hendingar som går utover ordinær kapasitet og/eller omfattar fleire ansvarsområde.

## **4.2. Praksis: Organisering av beredskapsarbeidet i Ulvik herad**

Kommunestyret har det overordna ansvaret for at Ulvik herad oppfyller krava til kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelsesloven og tilhøyrande forskrift. Kommunestyret skal difor vedta overordna beredskapsplan og delegera krisefullmakta til den kommunale kriseleiinga.

Beredskapsorganisasjonen i Ulvik herad skal vera rollebasert og funksjonsavhengig – ikkje personavhengig. Det krev forsvarleg opplæring av dei som har dei relevante funksjonane i kommuneorganisasjonen og som skal fylla dei ulike rollene i beredskapsorganisasjonen.

Den kommunale beredskapsorganisasjonen består av tre deler med ulike oppgåver og ansvarsområde:

1. Kommunal kriseleiing KKL – overordna strategisk leiing
2. Støttestab for KKL
3. Lokal beredskapsleiing i einingane

### **4.2.1 Kommunal kriseleiing KKL**

Ulvik herad skal ha ei **kommunal kriseleiing (KKL)**, som koordinerer og leiar kommunen sin innsats i samband med uønskte hendingar og kriser og har det strategiske ansvaret. Kommunedirektør/kommunedirektøren er leiar i KKL og disponerer krisefullmakta som heradstyret har delegert til KKL-leiar. Med den har KKL alle naudvendige fullmakter for å kunna handtera beredskapssituasjonar effektivt og forsvarleg.

KKL skal etablerast for å vurdera krisereduserande tiltak, beredskap og krisehandtering ved uønskte hendingar:

- som går ut over kommunen sin kapasitet til å handtera situasjonen/hendinga ved hjelp av ordinære rutinar og redningsteneste
- som omfattar fleire sektorar/ansvarsområde og krev samordning
- med potensielt store konsekvensar
- som rammar kritiske samfunnsfunksjonar
- som skaper stor frykt eller bekymring i befolkninga

KKL kan òg etablerast på førespurnad frå eksterne beredskapsetatarar som politi, Statsforvaltar, eksterne ulukkeseigarar eller andre kommunar. Sjå plan for KKL-organisering i kap. 5.

#### **4.2.2 Støttestab til kommunal kriseleiing**

Støttestaben til Kommunal kriseleiing utfører praktiske gjeremål etter oppdrag frå KKL og får tildelt si myndigheit frå KKL. Arbeidsoppgåvane *kan* omfatta å forma, publisera og koordinera informasjon på vegner av KKL, bemanna informasjonstelefon, sørga for at datasystemet fungerer, skaffa dokument og kart, og sørga for mat og drikke til KKL.

KKL vurderer kva bemanning som er naudvendig på dei ulike arbeidsområda til Støttestaben.

#### **4.2.3 Psykososialt kriseteam**

Psykososialt kriseteam skal sørga for psykososial oppfølging av menneske/lokalsamfunn som blir ramma av kriser og uønskte hendingar. Kriseteamet kan koplast inn der ordinære prosedyrar for å yta hjelpe ikkje strekk til. Kriseteamet er den ekstraordinære delen av det ordinære hjelpeapparatet i kommunen. Det kan mobiliserast både av naudetataane og av KKL.

Ulvik herad har ein eigen plan for psykososialt kriseteam.

#### **4.2.4 Beredskapsarbeidet i einingar og på tenestestader**

I samsvar med dei fire nasjonale beredskapsprinsippa har einingar i Ulvik herad som skule, barnehage, sjukeheim, osv., ansvar for å handtera beredskapssituasjonar – dvs. uønskte hendingar og kriser – som oppstår i si eining eller på sin tenestestad. Dei har òg ansvar for førebyggande beredskapsarbeid og førebuing til krisehandtering. Dersom ei eining blir ramma av ei beredskapshending, skal eininga varsle KKL om det via kommunedirektør eller stabssjef.

##### Lokal beredskapsplan/einingsplan:

- Beredskapsplanen skal utformast i ROS-verktøyet «Whatif».
- Det må utarbeidast eigne titakskort for ulike hendingar
- Einingsleiar har ansvar for å tilpassa planen til eiga eining.
- KKL skal godkjenna planen.
- Planen skal evaluerast og oppdaterast årleg.
- Siste versjon av lokal beredskapsplan skal vera tilgjengeleg både digitalt og i papirform på leiar sitt kontor.

##### Lokal beredskapsleiing:

- Einingsleiar er lokal beredskapsleiar (Eventuelt leiar på tenestesta, dette skal vera klargjort i lokal beredskapsplan)
- Lokal beredskapsleiar er delegert fullmakt til å bestemma når eininga/tenestestaden er i ein beredskapssituasjon, og til å setja i verk og avslutta alle naudvendige beredskapstiltak.
- Lokal beredskapsleiar skal sikra at KKL blir varsle ved behov og rapportera til KKL om utviklinga av situasjonen.
- Den lokale beredskapsleiinga skal bestå av minimum lokal beredskapsleiar, ein annan tilsett og ein som er utpeika som loggførar pluss verneombod.
- Lokal beredskapsleiing kan utvidast etter behov.
- Lokal beredskapsleiing skal ha ein fast møteplass.

- Det skal vera klart for alle tilsette kvar tenestemottakarane – barn, elevar, pasientar, brukarar osv. – skal samlast og ivaretakast ved ulike typar hendingar. Det kan vera eit eigna rom, utandørs oppmøtestad ved brann og evakuatingsstad.
- Handteringen av beredskapssituasjonen skal dokumenterast gjennom loggføring.

#### Temaplanar og beredskapshandtering på særrområde:

Nokre einingar har i tillegg ansvar for beredskap knytt til særlovverk. Det gjeld f.eks. straumberedskap, smittevern og vassberedskap.

- Desse einingane må i tillegg til eigen lokal beredskapsplan også utarbeida beredskapsplan for sitt særlege ansvarsområde, f.eks. beredskapsplan for vatn og avløp eller smittevernplan.
- Dei har òg ansvar for å etablera og bemanna dei beredskapsrollene som skal ivareta dette spesielle ansvarsområdet. F.eks. er helsepersonell dei utøvande aktørane i smittevernarbeidet, og tilsette i eininga som har det daglege ansvaret for vatn og avløp, har òg ansvaret for dette området dersom det blir ramma av ei uønskt hending.

#### **4.2.5 Beredskapsvakttelefon**

Alle krise- og beredskapshendingar i Ulvik herad skal varslast til kommunedirektøren eller stabssjef – uavhengig av kvar i organisasjonen dei skjer, og sjølv om beredskapshendinga alt er varsla til naudetatane.

Kommunedirektøren og stabssjef mottek òg alle meldingar som blir sende til beredskapsepost-adressa til Ulvik herad frå f.eks. Statsforvaltar.

#### **4.2.6 Beredskapskontakt og beredskapsgruppe**

Ulvik herad har ein beredskapskontakt i kommunedirektør/kommunedirektøren sin stab, stabssjef, som koordinerer det administrative arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunedirektøren/kommunedirektøren er kommunen sin kontaktperson for Statsforvaltar i Vestland og andre eksterne aktørar.

Leiargruppa skal syta for at STB-arbeidet er forankra i si einining og i kommuneorganisasjonen.

#### **4.2.7 Naudetatar**

Ulvik herad har eit ordinært hjelpeapparat som består av Voss brann og redning med tilhøyrande brannvaktsentralen (døgnbemanna vakttelefon). I tillegg er det ein lokal brannstasjon i Ulvik og ein varabrannsjef i Ulvik.

Legevaksentralen ligg på Voss. Ulvik er del av legevaktordninga som er bemanna frå kl 16 – 08.00 på man – fredag, pluss helg. Ulvik herad hører til Helse Bergen (HB) sitt område, avdeling Voss sjukehus. Voss sjukehus har ansvar for ambulansedrift (bil-, båt-, luftambulanse).

Ulvik herad hører til Voss lensmannskontor, i Vest politidistrikt.

**I samband med ulukker der personar er involverte har politi, lege/ambulanse og brann/redningsteneste hovudansvaret.**

Innsatsleiar i brann/redning har fullmakt til å vera innsatsleiar på ein lokal innsatsstad/skadestad til politiet kjem til staden. Brann/redning sine folk og lege er dei kommunale representantane på ein ekstern skadestad. Politiet sin innsatsleiar er ein ekstern samarbeidspartner.

#### **4.2.8 Ulvik beredskapsråd**

Beredskapsrådet er eit koordinerande samordnings- og informasjonsorgan sett saman av aktørar som er aktuelle i ein beredskapssituasjon. Beredskapsrådet skal fungera som eit forum for informasjon og drøfting, medverka til å klargjera ansvars- og rolledeeling og styrkja samarbeidet på tvers av etats- og forvaltningsgrenser.

Ulvik beredskapsråd skal møtast minimum ein gong i året. Rådet vert leia av ordføraren, som òg har ansvar for å kalla inn til møte. Stabssjef har ansvar for at det vert ført protokoll frå møta.

Dei som blir kalla inn, i tillegg til KKL, er representantar frå Ulvik kyrkjelydkontor, politiet, Brann og redning, Sivilforsvaret, Forsvaret/Heimevernet, næringsliv inkl. straumleverandørar, og lokale frivillige organisasjonar som Ulvik Raude kross hjelpekorps, Finse Raude kross Hjelpekorps, bygdekvinnelaget, Eidfjord kommune, BaneNor, Finse 1222 og Statsforvaltar. I løpet av ein valperiode skal det haldast beredskapsmøte på Finse.

## 5. PLAN FOR ORGANISERING AV KOMMUNAL KRISELEIING – KKL

### 5.1. Kva oppgåver har KKL ansvar for?

KKL leiar og koordinerer den kommunale innsatsen i samband med kriser og uønskte hendingar i Ulvik herad. Krisehandtering er eit leiaransvar, og det er ein føresetnad at dei som til dagleg tek politiske og administrative avgjerder, også skal gjera dette under ei krise.

KKL skal ivareta dei overordna interessene til Ulvik herad. Det omfattar også å oppretthalda drifta, og ivareta omdømmet til kommunen.

#### KKL har ansvar for desse oppgåvene:

- Henta inn opplysningar om situasjonen i kommunen.
- Ta avgjerd om å setja i verk tiltak for å hindra skadar på menneske, miljø og materielle verdiar.
- Ha kontakt med dei som er ramma av hendinga (t.d. busselskap, ferjeselskap, bedrift) for å klarleggja kva som vert gjort i deira regi, og for å yta den hjelpa dei treng.
- Halda nær kontakt med innsatsleiinga ev. lokal redningssentral (LRS) hjå politiet.
- Prioritera ressursar frå kommunen si side.
- Ta kontakt med psykososialt kriseteam ved behov.
- Utarbeida og formidla informasjon til innbyggjarane og media.
- Rapportera om situasjonen i kommunen til Statsforvaltar.

KKL er ein overordna funksjon, og krieseleiinga skal *ikkje* delta ute på ein eventuell skadestad/innsatsstad eller ute i felten.

### 5.2. Organisering av KKL – roller og ansvarsfordeling

KKL er organisert etter roller/funksjonar (stabsmodell) og har følgjande faste medlemer:

- Leiar: Kommunedirektør
- K1 – Personell og nestleiar: Stabssjef/ Ass. kommunedirektør
- K2 – Bygningar/veg/teknisk drift – Kommunalsjef for samfunn og plan

- K3 – Helse og velferd – Kommunalsjef for helse og velferd
- Ordførar – Kontakt med media
- Loggførar: Politisk sekretær

Alle faste medlemer i KKL skal ha ein vara. Sidan K1 er nestleiar og dermed sjølv er vara for kriseleiar og kan måtta overta den rolla, skal K1 ha to varafolk.

KKL har følgjande **varafolk**:

- K1 – Personell og nestleiar: 1. vara: Arkivleiar
- K1 – Personell og nestleiar, 2. vara: Kommunalsjef oppvekst
- K2 – Bygningar/veg/teknisk drift: Fagleiar Bygg og anlegg
- K3 – Helse og velferd – 1) Kommuneoverlege, 2) Leiar på omsorgstunet
- Ordførar - Varaordførar
- Loggførar: 1. Arkivleiar, 2. Tilsett på tenestetorg

Loggførar skal føra logg i RAYVN i krisesituasjonar og skriva møtereferat frå dei faste KKL-møta.

Det bør organiserast skiftordning ved langvarige beredskapssituasjonar. Eit skift bør ikkje vara lenger enn åtte timer.

KKL kan alt etter situasjonen/hendinga forsterka seg sjølv med interne eller eksterne deltagarar (rådgjevarar/liaisonar). Det kan vera aktuelt å utvida KKL med:

- **Interne deltagarar:** Einingsleiarar, kommuneoverlege, andre kommunale leiarar innanfor aktuelt fagområde, verneombod og tillitsvalde.
- **Eksterne deltagarar:** Representantar for lensmannsetaten, Sivilforsvaret, Forsvaret/HV, Statsforvaltaren, kraftselskap/nettselskap, private vassverk, kyrkja, Raude kross og andre frivillige lag.

KKL kan òg mobiliserast i redusert utgåve, dersom det er klart ut frå hendinga/situasjonen at det ikkje er bruk for enkelte av funksjonane.

KKL i Ulvik herad	
Faste medlemer	Ansvar
<b>KKL-leiar – Overordna ansvar, skadestedkontakt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Overordna ansvar for å leia krisearbeidet i kommunen.</li> <li>Øvste leiar for KKL og for alle dei tilsette i kommunen så vel i ein krisesituasjon som til dagleg.</li> <li>Tenkja og planleggja fram i tid.</li> <li>Godkjenning kriseføring til pårørande og innbyggjarar.</li> <li>Godkjenning intern og ekstern informasjon.</li> </ul>
<b>K1 – Personell / KKL-nestleiar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Overordna fokus ilag med KKL-leiar.</li> <li>Leia støttestaben, bindeledd mellom den og KKL.</li> <li>Skaffa erstatningspersonell.</li> <li>Sørga for arbeidsavtalar for ev. eksterne aktørar og for løn/godtgjersle, overtidsbetaling o.a.</li> <li>Utarbeida informasjonen til innbyggjarar, tilsette og media</li> <li>Vara for KKL-leiar.</li> </ul>
<b>K2 – Tekniske teneste/logistikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Logistikk til KKL og aktuelt innsatspersonell (teknisk utstyr, mat/drikke, IKT, straum, varme, transport, overnatting).</li> <li>Sikre straumtilførsel vha naudstraumsagggregat</li> <li>Sikre at infrastruktur som kommunen har ansvar for er i drift, t.d. VA, kommunale vegar, etc.</li> <li>Transport av ramma personar</li> <li>Transport/overnattning for tilreisande pårørande.</li> <li>Transport ut til rodene i Ulvik med informasjon og anna.</li> </ul>
<b>K3 – Helse og Velferd: Pårørande-senter</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Organisera bemanning til mottakssenter for evakuerte/EPS, inkl. mottaksleiar og frivillige. Sørga for naudvendig omsorg for evakuerte. Skaffa event. tolketeneste.</li> <li>Opprette pårørandetelefon bemanna av fagpersonar: Legesekretærar</li> <li>Lokale for ramma personar: Lokale til evakueringsmottak inkl. varme, sanitær, mat, drikke, klede, medisinar m.m.</li> </ul>
<b>Ordførar – Informasjon ut og skadestedkontakt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Representant for det politiske systemet.</li> <li>Vera bindeledd mellom KKL og naudetataane.</li> <li>Skaffa/gi naudvendig info til KKL frå skadested/hendings- stad, sjukehus, andre kommunar, Statsforvaltaren, andre berørte (straum, mat/drikke, husrom, drivstoff osv.).</li> <li>Kommunen sitt ansikt utad – i møte med media, pårørande, andre berørte (evakuerte, fastbuande, turistar osv.).</li> </ul>

### Kommunalsjef Oppvekst (skule/barnehage)

Organisera skiftordning og ev. hjelp til henting i skule/SFO/ barnehage, og barnevakt for tilsette som er involverte i krisearbeidet.

### 5.3 Kompetansepåfyll – Opplæring og Årshjul for KKL

Årshjul for KKL		Ansvarleg
Jan- april	Oppdatering av beredskapsperm: Nye planar, ressurslister, etc	Stabssjef
Jan – april	Årleg møte i beredskapsrådet	stabssjef
Jan – april	Årleg møte KKL + vara, oppdatering	Stabssjef
Mars	RAYVN-trim og naudnett/satellitt-telefonar	KKL-sekretær / IT-ansvarleg
Oktober	KKL deltek på Statsforvaltarens beredskapssamling	KKL
November	Vurdera behovet for ny RAYVN-trim	KKL-sekretær / IT-ansvarleg

KKL skal ha minimum eitt planlagde møte i året utanom akuttmøta. Føremålet er påfyll og vedlikehald av kompetanse, og å sikra at alle som har ei rolle i kriseleiinga – fast eller som vara – får tilgang til same kunnskap og er oppdaterte på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Ulvik herad. På dette møtet skal KKL ta ein gjennomgang av Heilskapleg ROS og tiltak, Opplæringsplan og Overordna beredskapsplan. Stabssjef/ ass.kommunedirektøren har ansvar for å kalla inn til møta.

Varafolka møter fast på dei planlagde møta for å sikra kontinuitet og lik oppdatering.

Heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan skal reviderast kvart 4. år i løpet av det første året i ny heradsstyreperiode.

### 5.4 Støttestab til KKL

I mange av dei beredskapssituasjonane som berører kommunen, kan KKL sjølv utføra dei oppgåvane situasjonen krev. Ved svært alvorlege, langvarige, store eller komplekse beredskapssituasjonar kan det vera naudvendig å få hjelp av støttestefunksjonar.

Støttestab til KKL er knytt til KKL og skal ta seg av praktisk utføring av naudvendige arbeidsoppgåver (sjå nedanfor). KKL kan mobilisera deler av eller heile støttestaben, og kan også utvida støttestaben etter behov. Ulvik herad har eigen plan for kriseinformasjon til media og publikum, sjå Overordna beredskapsplan for Ulvik herad.

Støttestaben har fast oppmøtestad på Sentrumsbygget. Dersom KKL må etablerast annan stad enn Sentrumsbygget, skal også støttestaben flyttast til det same lokalet.

<b>K4 – Støttestab IT/ Informasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bindledd/organisator for ordførar i mediehandtering.</li> <li>Heimesidepublisering.</li> <li>Mediehandtering og overvakning, skriva/senda ut pressemeldingar.</li> <li>Bemanne sentralbord</li> <li>Oppretta kommunalt naudnummer</li> <li>Syte for naudvendig IT-utstyr og infrastruktur</li> <li>Syta for naudvendig naudkommunikasjonsutstyr til KKL</li> </ul>
--	---

<b>STØTTESTAB i Ulvik herad</b>	
Roller	Ansvarsområde
<b>Leiar Støttestab (Arkivleiar) Vara: Tilsett tenestetorget</b>	<b>Administrativt ansvar for støttestaben</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kalla inn og informera naudvendig mannskap</li> <li>Setja opp vaktlister</li> <li>Skaffa dokument/info/kart m.m.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Publisera nyhende på heimeside</li> <li>• Sende ut pressemelding</li> </ul>
<b>Sentralbord</b> 1 - 2 personar	<b>Telefonvakt</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• "Sila" telefonar</li> <li>• Formidla vidare innkomande info</li> <li>• Gje kort informasjon</li> </ul>
<b>Sekretariat/hjelpefunksjon til leiar i støttestab</b> 2 økonomimedarbeidarar	<b>Praktiske oppgåver for KKL</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kopiering, listeføring, utsending</li> <li>• Tilkalla forsterkingar</li> <li>• Syta for mat og drikke til KKL og støttestab</li> <li>• Ekspedisjonsteneste</li> </ul>
<b>IT</b> 1 personar Vara: IT-konsulent/IT-konsulent skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Syta for at datasystemet fungerer</li> <li>• Hjelpa med tekniske problem</li> <li>• Effektuera befolkningsvarsling</li> </ul>

Psykososialt kriseteam kan få ansvar for å bemanna pårørandetelefon, når det er behov for å oppretta det. Pårørandetelefonen er eit tilbod om omsorg gjennom samtale, for ramma, pårørande og andre berørte.

## 5.5 Krav til dei som har ei rolle i krisehandteringsorganisasjonen

Dei må leggja anna arbeid til sides når dei blir innkalla til KKL, krisestab eller psykososialt kriseteam i arbeidstida. Næraste overordna skal respektera at krisearbeidet skal prioritert.

Det er ikkje vaktordningar i kommunal kriisleiing og støttestab i Ulvik herad. Men det er ei forventing om at dei som vert kalla inn utanom normalarbeidstid, gjer det. Teamsmøte kan vera ein alternativ møteplass.

I samband med ferie/reiser skal KKL-medlemmar melda stedfortredar/vikar til stabssjef/beredskapskontakt, slik at KKL-leiar har oversikt over kva mannskap som potensielt er tilgjengeleg.

## 5.6 Tekniske ressursar, lokale og andre hjelphemiddel

### 5.6.1 Lokale, reservelokale og tilrettelegging

**Fast oppmøtestad** for KKL: Kantina på Sentrumsbygget.

Kantina skal alltid vera tilgjengeleg for KKL. Lokalet skal vera klart til bruk utan førebuingar og utan at KKL må venta på at spesielle personar for å finna fram ting eller få utstyr til å virka. IT-ansvarleg har ansvar for at kantina er operativt og har naudvendig utstyr/materiell tilgjengeleg.

**Reservelokale:** Møterom på Ulvik omsorgstun

Dersom fast oppmøtestad ikkje kan nyttast på grunn av hendinga/situasjonen som har oppstått, skal KKL-leiar bestemma alternativ oppmøtestad, og informera om det ved varsling av KKL.

## **Utstyr og hjelphemiddel i kantina (+ beredskapslager kjellar ved tenestetorg)**

- KKL-medlemene må ta med seg eigne bærbare Pc-ar (NB! Ekstra batterikapasitet) og KKL-perm m/**Overordna beredskapsplan** og naudvendige vedlegg/oppdaterte lister over viktige telefonnummer og e-postadresser i papirformat
- Prosjektor/videokanon
- Flip-over m/tusjpennar som fungerer – i ulike fargar
- Papir, blyantar og kulepennar
- Kart: Ansvarleg eining **Samfunn og plan**
  - Veggkart i passande målestokk over heile kommunen
  - Arbeidskart/bordkart til å skriva/streka på under operasjonen

## **Kommunikasjonsmiddel og samband** – KKL må ha tilgang til:

- Fasttelefon/mobiltelefon
- 1 stk. Satellittelefonar (+ 1 På Finse, 1 i Osa)
- Internett/E-post
- Rodepersonell (Eige liste i Overordna beredskapsplan for Ulvik herad, «Ressursoversikt»)
- Helse og Brann har naudnett-terminaler og kan bistå KKL ved behov.

Det skal vera tilgang til same utstyr og hjelphemiddel i reservelokala.

### **5.6.2 Krav til digitale hjelphemiddel**

- Døgntilgjengeleg beredskapsvakttelefon – Mobil til KKL-leiar/ vara KKL-leiar
- Beredskaps-e-post
- DSB-krisestøtteverktøy til beredskapsarbeidet for KKL, krisestab og psykososialt kriseteam
- Varsling 24 til befolkningsvarsling, massevarsling, geografisk varsling, varsling frå ulike tenesteområde (t.d. V/A – kokevarsel)
- Satellittelefon
- Naudnett – KKL skal kunna handtera det.
- Kvalitetssystemet – naudvendige tilgangar til å vedlikehalda dette for beredskapskontakt og heile beredskapsgruppa.

### **5.6.3 Naudvendige avtalar**

- Lokale til mottakssenter/evakuerte- og pårørandesenter (EPS)
- Forsyning av mat og drikke

## **Sjå ressursoversikt i Overordna beredskapsplan for KKL – operativ del.**

## **5.7 Samarbeid med nabokommunar**

Ulvik har **avtale med** Eidfjord kommune **om å samarbeida og hjelpa kvarandre med personell** i KKL ved større ulykker, ferieavvikling / personellmangel. **Kommunane** har like administrative system for å gjera dette samarbeidet lettare. I tillegg er det etablert ein møtestad for beredskapskontaktane i Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Voss, dette er eit fagnettverk som vil vera

nyttig i det regionale beredskapsarbeidet. I **Sivilbeskyttelsesloven** vert det oppmoda om samarbeid mellom kommunane.

## 6. SLIK HANDTERER ME UØNSKTE HENDINGAR OG KRISER

### 6.1. Prinsipp, prioriteringar og metode

Kriseleiinga i Ulvik herad skal vera forankra i anerkjende prinsipp, prioriteringar og metodar for krise- og beredskapsleiing. Dette gjeld både dei nasjonale prinsippa for organisering, som er omtala i kap. 4.1., og dei proaktive prinsippa for kriselering.

Ulvik herad skal driva beredskapsleiing etter worst case scenario-tankegang, og prioritera tiltak ut frå dei nasjonale beredskapsverdiane.

#### 6.1.1 Dei proaktive prinsippa

Dei proaktive prinsippa er: sikker usikkerheitsprinsippet, moderat overreaksjonsprinsippet og første informasjonsprinsippet. Aktiv bruk av desse prinsippa skal vera med på å sikra at Ulvik herad så tidleg som mogleg responderer med tilstrekkelege ressursar i alle potensielle beredskapssituasjonar.

##### Sikker usikkerheitsprinsippet

Sikker usikkerheitsprinsippet inneber at KKL-leiar, einingsleiar eller ein tilsett alltid bør velja å varsle eller å mobilisera beredskapsorganisasjonen dersom vedkomande er usikker på om det er naudvendig.

Det samme gjeld dersom det er usikkert om det er naudvendig å setja i verk eit tiltak som kan ha positiv effekt under ein beredskapssituasjon. Tiltaket bør då setjast i verk.

##### Moderat overreaksjonsprinsippet

Moderat overreaksjonsprinsippet inneber at beredskapsorganisasjonen alltid og så tidleg som mogleg bør prøva å gjennomføra ressursmobilisering av eit slikt omfang at overkapasitet er tilgjengeleg på dei viktigaste ressursane.

##### Første informasjonsprinsippet

Første informasjonsprinsippet inneber at Ulvik herad i utgangspunktet alltid bør prøva å vera først ute med informasjon til media og andre interessantar om beredskapssituasjonar som rammar kommunen. Informasjonen bør alltid vera så korrekt som mogleg, sjølv om informasjonen kan gi kommunen negativ publisitet.

#### 6.1.2 Beredskapsverdiane

All planlegging og utnytting av ressursar i beredskapssituasjonar i Ulvik herad skal ta utgangspunkt i at kommunen skal ivareta beredskapsverdiane og prioritera dei i rett rekkefølge:

**1 – menneske      2 – miljø      3 – materielle verdiar**

Omdømme er ein fjerde verdi. Omdømmet er i stor grad avhengig av korleis kommunen ivaretar dei tre andre verdiane, og korleis kommunen greier å formidla det. Omdømme inngår difor ikkje direkte i prioriteringsrekkefølga.

Prioriteringsrekkefølga gjeld på to område. Når det er knapt med ressursar som kan brukast i innsats for å ivareta fleire av verdiane, bør ressursane alltid prioriterast slik at dei ivaretar

den høgast prioriterte beredskapsverdien. Dette er ikkje til hinder for å setja i verk parallelle aksjonar for å ivareta fleire av verdiane samtidig.

#### Menneske

Ulvik herad skal alltid prioritera høgast å ivareta menneske. Det er den direkte innsatsen for å berge liv og helse som primært skal prioriterast, men vidare psykososial ivaretaking er òg ei svært viktig oppgåve innan kommunal beredskap som bør prioriterast.

Psykososial oppfølging, anna omsorg og informasjon til menneske som er direkte eller indirekte involverte, til deira pårørande, til dei tilsette i kommunen og innsatsmannskap, og til befolkninga og andre interessentar, er eit kommunalt ansvar som Ulvik herad skal ivareta i alle beredskapssituasjonar.

#### Miljø

Å verna/beskytta miljøet er prioritet nummer to. Det omfattar alle uerstattelege verdiar, både naturmiljø og kulturmiljø, medrekna kulturminne og arkivmateriale.

Vern av natur- og kulturmiljø er ei communal beredskapsoppgåve som Ulvik herad bør vera medviten og ivareta på ein optimal måte i alle beredskapssituasjonar.

#### Materielle verdiar

Når menneske og uerstattelege verdiar er ivaretatt, skal kommunen sine økonomiske verdiar ivaretakast og beskyttast. Med økonomiske verdiar er her meint både materielle og immaterielle verdiar som er erstattelege, og kommunen sin tenesteproduksjon.

Ulvik herad eig, disponerer og driftar store fellesverdiar for innbyggjarar og samfunn. Desse verdiane bør ivaretakast på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjonar. Gjennom kommunen sitt ansvar for brannvesenet og vatn og avløp, har kommunen også eit ansvar for å berge og ivareta private og offentlege verdiar utanfor kommunalt eige, når desse vert trua av brann, eller skadar forårsaka av brot på vass- eller avløpsleidningar.

Kommunen har òg eit ansvar for å oppretthalda eige tenestetilbod på eit forsvarleg nivå i ein eventuell beredskapssituasjon. Dette er eit ansvar som Ulvik herad bør vera bevisst på og ivareta på ein tilfredsstillande måte i alle beredskapssituasjonar.

#### Omdømme

Om kommunen greier å ivareta omdømmet i ein beredskapssituasjon vil i stor grad vera avhengig av korleis kommunen evnar å ivareta dei andre beredskapsverdiane, og samtidig evnar å formidla det på ein god og effektiv måte til media og andre interessentar.

Omdømmet er viktig for Ulvik herad for å kunna oppretthalda statusen som attraktiv bustadkommune, næringskommune og arbeidsplass.

## **6.2. Varsling og mobilisering**

**Beredskapsvakttelefon: 40 00 71 58 (40007118)**

#### **Innkalling av kriseleiinga**

Kommunedirektøren kallar saman kriseleiinga dersom han finn det naudvendig, ev. gjer Stabssjef/ Ass.kommunedirektør det.

Terskelen skal vera låg for at KKL vert informert om uønskte hendingar, kriser og/eller

hendingar som kan krevja handling frå kommunen si side. Kontakt kan i første omgang skje via telefon (om denne verkar) for å avgjera om KKL skal etablera seg.

Varsling om behov for å samla KKL kan koma frå t.d. medlemer eller varamedlemer i KKL, brannsjefen eller vakthavande brann og redning, politiet, legevakta, Statsforvaltaren, Kystverket, Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA), eller ein av dei tilsette i Ulvik herad.

### **6.3. Gjennomføring av førstemøte og statusmøte – proaktiv metode**

KKL-leiar førebur førstemøtet, deretter naudvendig tal statusmøte og til sist sluttmøtet.

Viktige hugseregler: Tydeleg møtestart. Kommuniser kort og faktabasert korleis du oppfattar situasjonen; både kva som har skjedd, kva de har gjort og kva de skal gjera vidare. Set fokusområde og tiltak.

- Kva har skjedd?
- Korleis kan dette utvikla seg? Hendingspotensial for menneske, miljø og materiell.
- Kva gjer me – for å handtera hendingspotensialet?
- Kva treng me? Interne og eksterne ressursar – mannskap og utstyr/hjelpemiddel.
- Kven må varslast? Internt og eksternt.
- Kva infoarbeid må setjast i verk?
- Får hendingspotensialet konsekvensar for drifta? Kontinuitetsplanlegging: normal drift, redusert drift eller driftsstans?
- Er det andre forhold som er med oss eller mot oss? Vêr, vind, geografi, demografi osv.

Sikra progresjon i møtet, ikkje tillat lange diskusjonar og fullfør møtet innan ca. 10 -15 min. eller så raskt som mogleg. Oppgi tidspunkt for neste statusmøte. Tydeleg møteslutt. Følg opp med nye aksjonar.

### **6.4. Rollebasert arbeid mellom møta**

KKL-leiar skal saman med sin nestleiar, ha overordna fokus og tenkja og planleggja fram i tid (kontinuitetsleiing) og handla proaktivt, ut frå korleis situasjonen i verste fall kan utvikla seg.

Ordførar (eventuelt KKL-leiar): Etterretning/skadestadskontakt skal skaffa naudvendig informasjon til KKL frå herdingsstad, skadestad, hendingseigar, Statsforvaltaren, andre kommunar og/eller andre aktørar som f.eks. ein straumleverandør eller eit transportselskap.

K1, K2 og K3 har meir utøvande roller og ansvar for å iverksetja tiltak som er bestemt av KKL. Dei kan anten utföra dei sjølv eller ved hjelp av støttestab, dersom den er mobilisert.

K1 Personell er støttefunksjon for KKL-leiar og skal vera med å planleggja framover i situasjonen. I tillegg skal K1 utarbeida informasjon, skaffa erstatningspersonell om det er trond for det, opna sentralbordet, laga vaktlister, organisera skiftordningar. Vidare sørger K1 for arbeidsavtalar for ev. eksterne aktørar og for løn/godtgjersle, overtidsbetaling o.a. Kallar inn støttestab ved behov.

K2 Logistikk sørger for å organisera naudvendig logistikk til KKL og aktuelt innsatspersonell.

Det kan vera teknisk utstyr, IKT, straum, varme, transport, overnatting. K2 hjelper K3 ved

behov mtp å organisera logistikk i høve til ramma/evakuerte personar og pårørande: Transport og lokale til opphaldsstad for evakuerte, ev. evakuerte- og pårørandesenter (EPS). Transport og overnatting for tilreisande. I tillegg sikre drift av kommunale teneste som VA, vegar, m.m.

K3 har ansvar for å organisera folk til å leia og bemanna mottakssenter for evakuerte inkl. mat, varme, klede, medisinar, etc. Logistikk mtp. ramma personar: Lokale til evakueringsmottak inkl. varme, sanitær, mat, drikke, klede, medisinar m.m. og eventuelt oppretta pårørandetelefon bemanna av fagpersonar.

KKL-leiar, K1 og ordførar sørger for å organisera intern og ekstern informasjon, at det blir formidla kriseinformasjon til pårørande og innbyggjarar gjennom fleire kanalar alt etter type hending og kva kanalar som er tilgjengelege (eiga nettside og sosiale medium, pressemeldingar, oppslag, møte, infotelefon). Dei kan nytta KKL-sekretær, og i tillegg støttestab til publisering av informasjon.

## 6.5. Normalisering etter at hendinga er over

KKL-leiar kallar inn til sluttmøte i KKL. Kommuniser status og at hendinga er over. Organisasjonen skal no gå tilbake til normal drift. Dei lågaste nivåa i beredskapsorganisasjonen skal demobiliserast først. KKL skal vera siste nivå som demobiliserer.

Sluttmøtet fungerer òg som ei første evaluering. Set naudvendige tiltak innanfor fokusområda:

- Normalisering: Kven og korleis følgjer me opp? Kva treng me hjelp til? Kven har ansvar for kva?
- Informasjon: Kven må varslast/informerast?
- Evaluering: Kva fungerte bra? Kva må endrast? Må planverket oppdaterast?
- Avtal frist for nytt evalueringsmøte innan to veker om det er behov for det.
- Avtal frist for tilbakemeldingar til beredskapskontakt om erfaringar og behov for oppdateringar av planverk.
- Arkivering: Når hendinga er lukka, sørger beredskapskontakt for å eksportera dokumentasjon frå krisekommunikasjonsverktøy til arkivsystemet i Ulvik herad.

Når KKL er demobilisert, fell krisefullmakta bort. All ekstern kontakt i samband med beredskapssituasjonen skal vidare handterast av den som skal leia oppfølgingsarbeidet.

## 7. BEREDSKAPSPLANVERK FOR ULVIK HERAD

Det samla beredskapsplanverket vårt skal innehalda oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtera potensielle uønskte hendingar innanfor ulike tenesteområde og samfunnsmiljø. Bakgrunnen er risiko og sårbarheit som er kome fram i overordna ROS-analyse for Ulvik herad og «Kunnskapsgrunnlaget for samfunnsmiljøet av kommuneplanen, Tema: Beredskap».


Den kommunale beredskapsplikta er heilskapleg og sektorovergripande. Det er eigne krav og forventningar til samfunnstryggleik og beredskap innan fleire kommunale ansvarsområde. Den kommunale beredskapsplikta erstattar ikkje dette ansvaret, men utfyller beredskapspliktene som er gitt i anna regelverk. Det gjeld m.a. område som

- Brann og redning

- Helse og sosial beredskap
- Akutt forureining
- Smittevern
- Drikkevatn
- Planlegging og arealforvaltning
- Alvorlege hendingar i skular og barnehagar



*Kommunal beredskapsplikt er heilskapleg og sektorovergripande*



*I tillegg skal ein gjea ROS-analyse av tenestene i dei ulike einingane*

## **7.1. Overordna beredskapsplan – administrativ del**

Overordna beredskapsplan for Ulvik herad er sektorovergripande og gjeld for heile kommuneorganisasjonen. Planen utgjer del 1 i det samla beredskapsplanverket vårt. Overordna beredskapsplan består av ein administrativ del og fleire operative delar (sjå nedanfor).

Opplæringsplanen gjer greie for prinsipp, prioriteringar, metodar og føringar for organisering og utøving av beredskap og beredskapsleiing i Ulvik herad.

- Den skal vera ein administrativ del av alle beredskapsplanar som blir laga i Ulvik herad, både operative planar og temaplanar på alle nivå i organisasjonen.
- Alle tilsette, og i særleg grad alle som har ei rolle i beredskapsarbeid i Ulvik herad, skal kjenna til den.
- Det er for seint å ta fram administrativ del når det har skjedd ei uønskt hending – grunnleggjande kunnskapar om den må vera innlært på førehand.

### Oppdatering/revisjon:

Kommunedirektøren har overordna ansvar for å oppdatera Overordna beredskapsplan for Ulvik herad. Oppdatering og revidering er delegert til stabssjef.

Planen skal reviderast ein gong i valperioden, men ressursliste skal oppdaterast årleg.

Kommunestyret skal vedta planen på nytt dersom det er gjort endringar i krisefullmakta eller andre prinsipielle endringar.

## **7.2. Operative beredskapsplanar - Med tiltakskort**

Tiltakskorta er eigne dokument/filer, i hovudsak utforma som sjekklistar. Dei inneheld rettleiing og rutinar som skal brukast aktivt ved handtering av ei uønskt hending/ ein beredskapssituasjon.

Det skal lagast tiltakskort med sjekklistar for både KKL, krisestab og einingar/ tenestestadar i Ulvik herad.

Tiltakskorta er delte inn i dei tre fasane som handteringen av ein beredskapssituasjon består av: 1. Varsling og mobilisering, 2. handtering og risikoreduksjon og 3. demobilisering og normalisering/tilbake til normal drift.

Dei operative beredskapsplanane/tiltakskorta i Overordna beredskapsplan inneheld:

- generelle sjekklistar for tiltak som er felles ved alle typar hendingar (Tiltakskort)
- sjekklistar for spesielle/konkrete uønskte hendingar (Tiltakskort)
- rollebeskrivingar for dei ulike rollene i beredskapsorganisasjonen (Opplæringsplan)
- telefonlister (Ressursoversikt)

Tiltakskorta skal finnast både digitalt og i papirform:

- **KKL:** digitale sjekklistar i krisehandteringsverktøy + papirversjonar i beredskapspermar på fast oppmøtestad
- **Lokale beredskapsleiing:** digitale sjekklistar i kvalitetssystemet + papirversjonar i beredskapspermar på fast oppmøtestad

### Oppdatering/revisjon:

Kommunedirektøren har overordna ansvar for å oppdatare overordna beredskapsplan – operativ del/sjekklisten for Ulvik herad. Oppdatering og revidering er delegert til stabssjef.

Lokal beredskapsleiar har ansvar for å oppdatare lokal beredskapsplan/sjekkliste/tiltakskort i eiga eining.

Operativ del/sjekkliste/tiltakskort skal reviderast ein gong i året eller oftare ved behov. Telefonlistene skal oppdaterast 1 gong i året, eller etter endringsmelding.

### **7.3. Kommunen som lokal fagmyndighet og og verksem:**

Som lokal fagmyndighet har kommunen blant anna ansvar for samfunnstryggleiken innan desse særlovene:

1. **Helse og omsorg** (helseberedskapsloven, smittevernloven, strålevernloven, folkehelseloven, helse og omsorgstjenesteloven)
2. **Sosiale tjenester** (sosialtjenesteloven og helseberedskapsloven)
3. **Brann- og redningstjeneste** (brann- og eksplosjonsvernloven)
4. **Akutt forurensning** (forurensningsloven)
5. **Planlegging- og arealforvaltning** (plan- og bygningsloven)
6. **Havneforvaltning** (havneloven)
7. **Sivilforsvar** (sivilbeskyttelsesloven)
8. **Oppfølging av tiltak i sivilt beredskapssystem**
9. **Bistand til næringslivet i næringsberedskapen** (næringsberedskapsloven)

Det er den einskilde kommunalsjefen som har ansvar for å utarbeida relevante beredskapsplanar for sitt fagfelt og organiseringa av beredskap i eininga.

### **7.4. temaspesifikke beredskapsplanar**

Me har to typar temaspesifikke beredskapsplanar: 1. planar som er lovpålagde i sivilbeskyttelsesloven og 2. planar som er lovpålagde etter særlovgjeving, eller som må lagast fordi det har oppstått eit behov.

Dei temaspesifikke planane er verksemどovergripande.

#### **Temaspesifikke beredskapsplanar etter sivilbeskyttelsesloven:**

- kriseinformasjons- og kommunikasjonsplan (Overordna Beredskapsplan)
- evakueringsplan (Overordna Beredskapsplan)

#### **Døme på Temaspesifikke beredskapsplanar i Ulvik herad etter særlover:**

1. Plan for psykososialt kriseteam
2. Plan for helsemessig og sosial beredskap
3. Smittevernplan
4. Pandemiplan
5. Beredskapsplan for vatn og avløp
6. Plan for brannordning, beredskapsplan for brann- og redning
7. Beredskapsplan mot akutt forureining
8. Atomberedskapsplan
9. Alvorlege hendingar / Beredskap i skule

## 10. Alvorlege hendingar / Beredskap i barnehage

Beredskapsplanverket skal utvidast ved nye behov eller nye lovkrav. Temaspesifikke beredskapsplanar skal leggjast fram for kommunestyret til orientering.

I tillegg til kommunens ulike beredskapsplanar, vil beredskapsplanar hjå andre relevante aktørar vera aktuelle, eksempelvis:

- Politi, BaneNor, Statens Vegvesen, Hardanger Energi (Straumberedskapsplan), m.fl.

Ulvik herad vil be om å få desse tilsendt, så ein kan ha dei med i dokumentasjonen for beredskapsarbeidet. Desse aktørane sit òg i beredskapsrådet.

# 8. LÆRING OG SYSTEMATISK FORBETRING

## 8.1. Opplæring

Har alle den kompetansen som skal til for å fylla rolla si i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Ulvik herad? Alle som er involverte i dette arbeidet, må vera trygge på rollene sine og vita kva krav som vert stilte til dei.

- Ulvik herad skal fortløpende planleggja og gjennomføra opplæringstiltak som sikrar at alle som tek del i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, i øvingar og ved uønskte hendingar, har rett kompetanse i høve til dei oppgåvane dei er sette til å løysa.
- Varafolk skal ha same opplæring som faste medlemer for å sikra at beredskapsorganisasjonen kan vera operativ også i feriar og ved sjukdom og andre forfall. Varafolk deltek på den årlege gjennomgangen av beredskapsplanane.
- Alle tilsette i Ulvik herad må vita kva KKL er og kva oppgåver KKL har. Dei må også vita korleis dei skal varsle KKL.
  - Leiarane i kommunen har ansvar for at slik kunnskap når fram til alle tilsette.
  - Nytilsette medarbeidarar og leiarar skal få informasjon når dei byrjar i kommunen.
  - Øvingar og opplæringstiltak må inngå i opplæringsplanar og i mål og tiltak som vert sett for einingane.
- Ulvik herad har eit årshjul for aktivitet knytt til beredskapsarbeidet i kommunen på overordna nivå. I tillegg skal dette vera på plass i organisasjonen og i einingane:
  - Det skal vera tydeleg kven som har ansvar for opplæring på ulike område.
  - Kommunen må ha internkontrolltiltak for å sikra at opplæringstiltaka er tilstrekkelege.
  - KKL, krisestab, beredskapskontakt og beredskapsgruppa skal kunna bruka krisehandteringsverktøy og Varsling24.
  - KKL-medlemer og varafolk skal ha ei grunnopplæring på minimum 7,5 timer. Opplæringa vil gå gjennom organisering, roller i beredskapsarbeidet, ROS og beredskapsplanar, krisevarslingsverktøy og Varsling24 (befolkningsvarslingssystem), pluss gjennomgang av proaktiv kriseleiing. Opplæringa skal organiserast av beredskapskontakt.
  - For påfyll og vedlikehald av kompetanse skal medlemer og varafolk i KKL:
    - Delta på kompetanseutviklende KKL-møte – minst eitt pr år

- Delta på øvingar
- Delta på årleg RAYVN-trim(krisehandteringsverktøy (mest aktuelt for faste medlemar i KKL)
- Deltaking på Statsforvaltaren i Vestland si fagsamling er ein viktig del av både kompetanseheving/påfyll/vedlikehald og nettverksbygging. Faste medlemar i KKL deltek.
- KKL skal vurdera å delta på DSB-kurs i kommunal kriseleiing når det er fleire nye medlemar i KKL.
- Ordførar, kommunedirektør skal kjenna til DSB sin rettleiar i krisekommunikasjon, og helst delta på kurs i krisekommunikasjon.

## **8.2. Øvingar**

Øvingar er gode læringsarenaer – både for å vedlikehalda og heva kompetansen, og for at ulike aktørar skal bli kjende med og trygge på kvarandre og kvarandre sine roller, ansvar og ressursar.

Lov og forskrift krev at overordna beredskapsplan skal øvast jamleg og minimum annankvart år. Øvingsscenario bør hentast frå overordna ROS-analyse. Det bør øvast saman med andre kommunar og andre relevante aktørar som t.d. Statsforvaltaren og politi.

KKL har det øvste ansvaret for at naudvendige, regelmessige øvingar finn stad.

1. Ulvik herad skal samla KKL kvart år og ha gjennomgang av beredskapsplanen og situasjonen.
2. Ulvik herad skal delta fast på øvingar i regi av Statsforvaltaren.
3. Eigne øvingar skal ta utgangspunkt i definerte risikosituasjoner og potensielle uønskte hendingar frå KommuneROS.
4. Gjennom øvingane skal Ulvik herad sikra at dei tilsette kjenner overordna beredskapsplan og lærer seg å bruka planen.
5. Ved kvar øving skal me definera tydeleg øvingsmål og øvingstype, og synleggjera
  - a. KVEN som skal øvast
  - b. KVA som skal øvast
  - c. KORLEIS det skal øvast/øvingstype: table-top, funksjons-, diskusjons-, spel- eller fullskala øving
6. Ulvik herad skal ha 1 - 2 RAYVN-øvingar/krisehandteringsverktøy i året, for at alle med ei rolle i beredskapsorganisasjonen skal bli trygge brukarar av dette verktøyet.
7. Alle øvingar skal evaluerast knytt til målsetting for øvinga.

## **8.3. Evaluering**

For å sikra læring og kvalitet på STB-arbeidet i Ulvik herad, skal me skal evaluera krisehandteringa etter øvingar og uønskte hendingar og gjera naudvendige endringar i KommuneROS og beredskapsplanar.

- Me skal bruka malar for evaluering frå Statsforvaltaren og DSB.
- Me skal avdekka om ansvarsfordelinga er uklar og auka kunnskapen om dei andre si rolle i beredskapsarbeidet
- Me skal følgja opp evalueringa ved å:

- ✓ laga ein rapport frå øvinga
- ✓ endra planverk, rutinar, varslingslister, organisering, ansvarsdeling, materiell/ressursar ved behov
- ✓ sikra erfaringsoverføring til dei som ikkje deltok
- Tilsette som har vore med på kriehandtering skal følgjast opp gjennom:
  - ✓ Kollegastøtteordning/Debriefing i regi av BHT
  - ✓ Rutinar for oppfølging av tilsette ved ei uønskt hending

#### **8.4. Oppdatering/revisjon**

Overordna beredskapsplan skal til ei kvar tid vera oppdatert og tilpassa utfordringane i kommunen.

- Nestleiar i KKL/stabssjef gjennomfører intern revisjon/oppdatering av planen. Kommunedirektør/kommunedirektøren er ansvarleg.
- Det skal stå tydeleg spesifisert i kvar enkelt plan når planen sist er oppdatert, og kven som har ansvaret for oppdatering av plan og vedlegg.
- Planverket skal oppdaterast ved behov:
  - ✓ som følgje av evaluering etter uønskte hendingar og/eller øvingar
  - ✓ dersom det blir oppdaga avvik
  - ✓ ved organisasjonsendringar
  - ✓ ved utskifting av personar – dvs. når nokon sluttar/nye kjem til
  - ✓ ved endring i fullmakter
  - ✓ ved oppdatering av KommuneROS og endringar i risiko- og sårbarheitsbildet
  - ✓ ved endringar i lovverk og overordna krav
  - ✓ når utviklinga og endra føresetnader krev det
- Ved større endringar/prinsipielle endringar i overordna beredskapsplan og endringar i krisefullmakta skal planen leggjast fram for kommunestyret til politisk handsaming.
- Temaplanar som er laga etter krav i særlovverk, skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, for å forankra dei politisk.